

Arnardo på det jamne



Sirkusprinsessa på den kvite hesten vert vi aldri lei av

Cirkus Arnardo svikta ikkje Uskedalen denne gongen heller. Til slutt kom dette norske artist- og underhaldningseventyret til vår bygd dette året også - sogar med to framsyningar. Den første var ikveld og den andre er imorgon - begge dagane klokka 18. Hovudkarakteristikken på årets Arnardo, nummer 65 i rekken (!) må verta at framsyninga ligg på det jamne. Det gjorde også frammøtet ikveld - det var truleg ikkje fleire enn 400 i teltet.



Hundene var sprekare i år enn i fjor

Programmet var ikkje det dramatiske og spektakulære, det var heller avslappa og triveleg, noko for heile familien! 4 generasjonar Arnardo var på plass i manesjen og atter ein gong lot vi oss forbløffe av at vi ikkje trudde det vi såg og såg ikkje det vi trudde vi såg.



Luftrommet var relativt moderat utnytta i år

Are og Paolina lyfter arven etter gründeren på ein verdig måte sjølv om dei ikkje rekk lenger opp enn til beltespena på den store illusjonisten. Og starten med fruen på det kvite hesten er ein sikker tradisjon.



Are og Paolina - kan du avsløra illusjonen?

Kva skal ein så meine om dei ymse artistprestasjonane? Denne gongen vart ikkje luftrommet utnytta til direkte halsbrekkjande prestasjonar, men det var eit grasiøst innslag ved Duo Urban. Balanseøvingar kan det verta nok av, men vi set ein ekstrastrek under Robi Berousek.

Dyra var sjølv sagt på plass i tilstrekkeleg monn, denne gongen hadde dei også noko for dei kattedrelste. Elefantane er ikkje med i år, men det er hundar, hestar og kamelar i tilstrekkeleg tal. 3 kvite lamaer må kallast eit eksotisk innslag og neppe noko meir. Familien Scholl er på plass dette året også.

Arnardo har sans for kva som er in og denne gongen kjem det mellom anna til uttrykk gjennom ein sprek breakdansgruppe og ein trampolinegjeng. Klovnanane har vi sett betre enn denne gongen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen